

# Seterbrukaren

SKRIFT FRÅ NORSK SETERKULTUR  
NR. 2 – JUNI 2003 – 6. ÅRGANG



## INNHALD:

- Side 2 **Frå ord til handling – Seterprisen 2003**  
Side 3 **Nye i styret – Dyrare mjølkehenting på setra**  
Side 4 **Seterhelg på Eikemostølen – Ta et tak 2004**  
Side 5 – 8 **Stølskonferanse på Beitostølen**  
Side 9 **Rachel Carson-prisen 2003**  
Side 10 **Bok om brunosten**  
Side 11 **Levende vern – levende bygder**



**Neste utgåve** av Seterbrukaren kjem i oktober, med "deadline" for stoff og foto 15. september. Håpar mange brukar fotoapparatet flittig i sommar, tipsar om aktuelt stoff og gjerne skriv til bladet - slik at også komande utgåver kan fyllast med gode innslag frå den mangfaldige stølsdrifta rundt om i landet.

#### **Bruk [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)**

Vi opplever aukande trafikk på heimesida til Norsk seterkultur, ikkje minst er interessen for stølsprodukt og stølsferie stor. For medlemskontingenten kan ein marknadsføre stølen og produkta ein har tilsals - og dermed nå ut til fleire med det ein har å tilby. Bruk også nettsida til å gjera kjent arrangement og aktuelle saker for stølsdrifta.

**Dette bladet** går til alle som fekk tilskot til setring i 2002 - i tillegg til medlemar og tingarar som til vanleg får bladet. Opplaget er såleis på heile 3500! Midtsidene gir fylldig omtale av stølskonferansen på Beitostølen 4.-5. september og vedlagt bladet finn ein også ei avis som går ut i samband med Bufarhelga i Valdres. På grunn av praktiske vanskar med å "sy saman" fleire adresse-register vil ein del få to blad denne gongen - og da kan vi berre tipse om at det ekstra bladet blir formidla vidare til evt. venner og kjente som er interessert i stølsdrift og fjellforvaltning.

#### **Styret:**

##### **Leiar:**

Jostein Sande, 6214 Norddal.  
Tlf 70259108. [jossande@online.no](mailto:jossande@online.no)

Kjersti Reksten Sole,  
2685 Garmo Tlf. 61 21 25 50  
[georgsol@frisurf.no](mailto:georgsol@frisurf.no)

Sissel Lie, Skrenten, Øystre Slidre.  
2950 Skammestein  
Tlf. 61 34 12 45

Odd Arne Espeland, Jondal  
5627 Jondal  
Tlf. 53 66 84 80 Faks 53 66 82 55

Gjermund Stormoen.  
TINE BA. Tlf 22938800.  
[gjermund.stormoen@tine.no](mailto:gjermund.stormoen@tine.no)

#### **Utjevar:**

Norsk Seterkultur, 6214 Norddal  
telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)  
[www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

Bankgiro: 2357 20 51169

Redaktør: Jostein Sande

Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS

Trykk: NordvestTrykk

#### **Framsidedfoto:**

Marit Hoel i aksjon under Arne Hjeltnes sitt besøk i Sunndal.

Foto: Kjell Ove Holsbøvg, Aura Avis.

## **Frå ord til handling!**

Vi har sagt det før, no er det på tide å gå frå fine ord til handling! Vi tenkjer på fine ord om kulturlandskap, biologisk mangfald - og for den del alle dei fine orda om mangfald i mat, tenester og opplevingar frå landbruket. Diverre vart vel også årets jordbruksoppgjer eit steg i retning industrialisering. Færre bruk med beitande husdyr gir redusert "kulturlandskapsproduksjon". Vi er på rask veg bort frå småskalalandbruket. For seterdrifta og stølslandskapet er dette ei dødsline. Kun småskala mjølkeproduksjon kan sikre at vi også i framtida skal ha ei livskraftig og mangfaldig stølsdrift, med stort potensiale for ytterlegare verdiskaping. Desse bruka må få levelege vilkår, og da må det friske pengar til! Med bakgrunn i mange fine ord - også frå politisk hald - hadde vi faktisk venta eit auka tilskot til seterdrift i år!

Utfordringane står i kø - men det er ingen grunn til å gi opp. Vi merkar auka forståing og interesse for seterdrifta og det beitebaserte landbruket blant folk flest og i mange fagmiljø, og ein anar konturane av alliansar som etterkvart kan få slik tyngde at det vil påverke dei politiske prioriteringane. Norsk seterkultur har ei stor oppgåve i å dokumentere verdiane stølsdrifta står for og å levere argument for at det er framtid i ei slik driftsform. Til dette trengst det motiverte og kreative seterbrukarar, og det trengst innsats overfor/ og samarbeid med organisasjonar og institusjonar på mange felt - og sjølsagt aktiv påverking av politikarar på alle nivå. Dette er krevjande - og det fordrar m.a. at vi lukkast med å utvikle organisasjonen vår. Vi er visse på at verksemda til Norsk seterkultur har vore sterkt medverkande til at stølsdrifta har fått langt meir fokus siste åra, organisasjonen blir teken på alvor - vi har god dialog med styresmaktene, samarbeid med ei lang rekkje organisasjonar i og utanfor landbruket - og gode kanalar til å nå ut i media.

I skrivande stund blir buskap etter buskap ført til støls. Forventning og glede - både hjå firbeinte og tobeinte. Vi registrerer stor interesse for seterlivet m.a. på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) - frå ungdom som vil ha budeiejobb - ordinære jobbar eller som "spatakistar" og ikkje minst frå folk som søker ferieopplevingar i seterfjellet. Svært mange av setrene i drift er i røynda "Åpen Gard" i 2-3 månader. For nokre år sidan vart den økonomiske verdien av det årlege "Åpen Gard"-arrangementet forsøkt berekna - dvs. kva landbruket alternativt måtte betale for tilsvarande reklame og profilering. Det handla om mange millionar! Om vi vurderer stølane og seterdrifta i dette perspektivet, da kan ein utvilsamt slå fast at seterdrifta er gull verdt for norsk landbruk! Er dette kalkulert når Tine MØ vil ha betalt for henting ut over 12 veker?

Jostein

## **Kom med forslag til kandidater! Seterprisen 2003**

#### **Seterdrift og reiseliv**

I 2003 skal Seterprisen delast ut til person (ar) eller bedrifter som på ein ekstraordinær måte har bidratt til samarbeid mellom reiseliv og seterbruk. Praktiske samarbeid som har resultert i konkrete og varige produkt / opplevingstilbod stiller sterkt.

Det Kgl. Selskap for Norges Vel har gjennom mange år engasjert seg i arbeidet med seterdrift og seterkultur. Dei siste åra har engasjementet mellom anna vore flagga høgt gjennom prosjekt Levande Stølar og Bufarhelga i Valdres.

Seterprisen har ulik vinkling kvart år og er ei påskjønning til enkeltpersonar, grupper, bedrifter eller organisasjonar som har gjort ein stor innsats for seterbruket og seterkulturen i Norge. Prisen skaper fokus på seterdrift på ein positiv måte, og skal bidra til å sikre eksistensen av seterdrifta også i framtida. Det var Åshild Dale og Jostein Sande, Norddal - Herdalssetra som fikk Seterprisen 2002, overrakt av Kåre Willoch på Budeieballet på Beitostølen.

Sjølve prisen består av eit kunstverk med motiv frå landbruket I tillegg består prisen av kr. 5000, samt at vinnaren får livsvarig medlemskap i Norges Vel. Prisen deles ut på under den årlege Bufarhelga i Valdres, som i 2003 er lagt til helga 5. - 7. september.

Kandidater meldes inn til sekretariatet i Norges Vel. Jury for utdelinga i 2003 er:

Kari Bay Haugen	Norges Vel
Sven Erik Ovesen	Norges Turistråd
Bjarne Undheim	Norges Bondelag

#### **Frist for innsending av kandidater er 1. august 2003.**

Kandidater sendes Norges Vel, postboks 115, 2026 Skjetten, pr fax 64 83 20 01, eller e-post [norgesvel@norgesvel.no](mailto:norgesvel@norgesvel.no)



## Budeie og hyttevert

kalla Odd Arne Espeland seg da han presenterte seterlivet på Stavali, ein støl vest på Hardangervidda, i Seterbrukaren nr. 4-1998. Odd Arne er nyvalt styremedlem i Norsk seterkultur. - Bur i Jondal, på bruket Flaten - som vart fråskilt hovudgarden i 1906 og gjeve til bestefaren hans. Seinare har det blitt kjøpt innatt 2 små bruk til. Areal pr. i dag er 48 mål dyrka + leigejord. Overtok i 1980, da hadde det ikkje vore i drift sidan 1968. Bygde opp bygningar og dyrka opp på nytt. 10 kyr på båsen av gamle rasar + ungdyr. Kvote på 50000 liter.

Odd Arne er gift med Gjertrud, har 2 døtre.- Ranveig og Herborg. Ranveig og mannen skal overta med tida. Men begge jentene er interesserte i å drive, noko som vel må karakteriserast som eit "luksusproblem".



Setrar altså på Stavali og er vertskap på Stavali turisthytte. Bergen Turlag eig Stavali, der det vart gjort eit stort restaureringsarbeid først i 1990-åra. Buføringa til frå Jondal til Stavali går med bil til Utne,

ferje til Kinsarvik - og bil så langt vegen går inn Husedalen. Så må folk og dyr ta føtene fatt - i 2 mil - gjennom tildels svært vanskeleg lende.



### Årsmøtet 2003

Norsk seterkultur hadde seminar og årsmøte på Øyer 10. og 11. mai.

Nytt styre vart valt (sjå side 2). Mirjam

Engelsjord, reiselivssjef i Hedmark, var ein av foredagshaldarane på seminaret. Ho er involvert i seterprosjektet i Nord-Østerdalen, som vi har omtala før. Mirjam Engelsjord har mangfaldig bakgrunn i reiselivsnæringa og ho ga uttrykk for stor tru på seterdrifta og setrene som utgangspunkt for gode og lønsame reiselivsprodukt. Øvrige foredagshaldarar på seminaret var Kjell Håvard Tuv, Norges Vel - "Levende stølar", Yngve Rekdal, Norsk institutt for jord og skogkartlegging og Steinar Grimsrud, styremedlem i Tine BA.

## Vi må bringe kulturarven vidare

seier Sissel Dahle Lie, nyvald styremedlem i Norsk seterkultur. Sissel er 42 år, gift med Oddvar og har fire born i alderen 5 -22 år. Dei driv gard i Øystre Slidre - med 10-12 årskyr, 130 dekar jord, 41 da på stølen. Og om sommaren er dei på Heimre Hedalsstølen,



som ligg på Fetten, ca. 2 km frå Beitostølen, turiststaden som har vokse svært mykje dei siste ti-åra. Beliggenheita har både positive og negative sider, men

turistane er komne for å bli og vår utfordring blir å gjera det beste ut av situasjonen. Vi har i alle høve fått ei god sjanse til å vise fram kva vi driv med, og det trur eg er viktig. Vi må lære oss til å vise at vi er stolte over å kunne bringe ein slik kulturarv vidare - vi er ikkje så mange att. I tillegg kan det bli ei tilleggsnæring som kjem godt med i desse tider. Kanskje kan ei satsing på turisme som attåttnæring gjera stølslivet litt meir interessant for neste generasjon, seier Sissel, som fortel at dei er på stølen frå jonsok til uti september.

Våre tilbod til turistane er : eit vekesopphald for born der dei får delta i livet på stølen. og kvar onsdag kan turistar få koma å vera med på eit kveldsstell på stølen. Dei er med å har inn og mjølkar kyr, steller kalvar og killingar, plukker egg frå frittgåande høner...m.m. - Ved sidan av garden arbeider Sissel som lærar på Heggebø, ei lita fådelt 1-4 skule.

## Dyrare mjølkehenting på setra

Tine Meieriet Øst aukar prisen for henting på setra ut over 12 veker - til 200 kroner i grunnkostnad pr. henting og 20 kr. pr. kilometer. Anita Sønstevold frå Vinstra har teke opp spørsmålet i Bondebladet, og ho fortel at kvar henting før St.Hans - som er Tine MØ sin startdato for setertida - vil koma på 5-600 kroner for dei. Tidlegare har det vore 18 kroner pr. kilometer. - Det er forsituasjonen som gjer at Sønstevold må sende dei 15 kyrne til seters litt tidlegare enn vanleg, og altså må ut med såpass mykje for hentinga. - "Det merkelige i dette er at vi er pålagt å ha dyra

ute, vi får et setertilskudd for å bruke kulturlandskapet. Og så motarbeider meieriet oss. Det provoserer meg, sier Sønstevold." - Spørsmålet har også vore oppe tidlegare, og meieriselskapet argumenterer med kostnadsjakt. Det er styret i Tine MØ som har vedteke datoane for setertida og satsane, men i følgje Bjørn Tørud i org.avdelinga skal det vera muleg å justere datoane lokalt. - Også frå andre produsentar har vi fått reaksjonar på den auka henteprisen og innspel om at det trengst lokal tilpassing og større fleksibilitet.



# Seterhelg på Eikemostølen

samla minst 400 i fjor. Og 26.-27. juli er det klart for årets arrangement. Det blir mykje flott musikk - både gammaldans og country. Bandet "Green Horns" frå Sørlandet er kjent for sitt store repertoar og fulle dansegolv. Nils Kjetil Eikemo i arrangementsnemnda i Eikemo felleseter lovar skikkeleg stemning også når "Blæst i belgen" spelar opp. Her blir det muleg å få sving på dansefoten utover i dei seine nattetimane. Dessutan byr dei på rømmegraut, spekjemat, grilla kje og nysteikte kaker - som visseleg smakar godt på stølsvollen. Arrangørane ynskjer hjarteleg velkomen til ei flott stølshelg på den veglause setra i Åkrafjorden i Etne kommune.

*Over 400 deltok på stølshelg på Eikemostølen i Etne i fjor.*



## Norsk Kulturarv: Ta et tak 2004

Vi har valgt å konsentrere innsatsen i aksjon Ta et tak mot spesielle temaområder. I 2005 er det 100-års jubileum for unionsoppløsningen i Norge, og dette ønsker vi å markere gjennom aksjonen. Vi vil rette aksjonen i 2004 mot tema som kan knyttes til dette, og vil ha setermiljø som tema for aksjonen i 2004. Vi ønsker å gjøre en innsats for setrene rundt omkring i landet, som er en del av Norges nasjonalskatter, til feiringen av 100-års jubileet.

Seterlandskapet og seterdriften representerer det "norske" i et internasjonalt perspektiv. Setrene rundt omkring i landet er viktige kulturminner. De forteller en viktig historie, både om hvordan jordbruket har utviklet seg gjennom flere hundre år, samtidig som de utgjør viktig bygningshistorisk dokumentasjon. Ved å sette temaet på dagsordenen setter man fokus på betydningen av å opprett-

holde seterdrifta og ta vare på seterlandskapet; både for landbruket og også ut i fra et generelt samfunnsperspektiv. Seterdrifta er også en sentral faktor når det gjelder å ta vare på kulturlandskapet, uten aktiv seterdrift gror kulturlandskapet igjen, og gjennom aksjonen kan man bidra til å sette fokus på dette. Norsk Seterkultur er med Norsk Kulturarv som samarbeidspart i aksjonen, som faglig bistand og som kontakt ut mot målgruppen for aksjonen.

### FOKUS PÅ SETERDRIFTA

Man setter temaet på dagsordenen og skaper et fokus og bevisstgjøring omkring betydningen av å opprettholde seterdrifta og ta vare på seterlandskapet; både for landbruket og også ut i fra et generelt samfunnsperspektiv. Det kan også bidra til positiv fokus på landbruket generelt.

Gjennom aksjonen får man en positivt fokus på de verdier

seterdrifta står for, blant annet som tradisjonsbærer og kulturformidler. Seterdrifta er også en sentral faktor når det gjelder å ta vare på kulturlandskapet, uten aktiv seterdrift gror kulturlandskapet igjen, og gjennom aksjonen kan man bidra til å sette fokus på dette.

I det moderne samfunnet er det sterk fokus på begrepet bærekraftig utvikling; at vi skal bruke naturen på en måte som gjør at fremtidige generasjoner også vil kunne ha glede og nytte av naturressursene. Seterlandskapet er et møte mellom natur og kultur, og nettopp måten å bruke naturressursene på gjennom seterdrifta er et godt eksempel på en bærekraftig ressursbruk.

Setra er også en viktig ressurs for eierne, og gjennom å gi bygningene en ny bruks- og nytteverdi igjen gjennom restaurering, kan man legge grunnlag for en ny og bedre utnyttelse av

det ressursgrunnlaget man har som setereier.

Setrene rundt omkring i landet er viktige kulturminner. De forteller en viktig historie, både om hvordan jordbruket har utviklet seg gjennom flere hundre år, samtidig som de utgjør viktig bygningshistorisk dokumentasjon. Disse bygningene er, som andre kulturminner, ikke-gjennvinnbare ressurser, og gjennom aksjonen bidrar man til å sette fokus på betydningen av å ta vare på disse kulturminnene før de forfaller.

Norsk Kulturarv mener at bruk er det beste vern, og gjennom å restaurere seterhusene for bruk, legger man et godt grunnlag for fremtidig vedlikehold. Å sette i stand seterhusene, gir også et viktig grunnlag for å opprettholde et aktivt og levende setermiljø.

## Grøvu-helg

Det blir seterhelg på Gammelsetra i Grøvdalen 2.-3. august. Fylkesmann Ottar Befring står på programmet, eit program som elles legg opp til å minnast Oddbjørn Svisdal sin enorme innsats for denne setra - og kulturliv og bygdautvikling elles. Oddbjørn, som også delte raust engasjementet sitt og kunnskapen sin med oss i Norsk seterkultur, døydde brått i vår berre 43 år gamal.

# Bok om norsk ost

I forrige nummer av Seterbrukaren nemnte vi litt om at Arne Hjeltnes er i gang med ei bok om norsk ost. Boka skal dokumentere norsk ostekultur i vid forstand. Noko skal med om sjølve framstillinga/ ystinga, men Hjeltnes understrekar at dette skal bli ei reiseskildring frå heile Noreg. Han vil formidle møte med folk, landskap og historie - for ikkje å gløyme historier om ost. Mange fekk vel med seg at mjølkekartongane vart nytta til å etterlyse slike historier. Omlag 150 kom inn.

Ved samarbeid med TINE fekk Hjeltnes innsyn i alle arkiv og mulegheit til å reise rundt til fleire meieri, men stoppestadene var fleire. Reiseruta gjekk slik: Balsfjord - Lofoten - Innerøya - Tresfjord - Sunndal - Vingelen - Tolga - Trysil - Finnskogen - Ås - Vinstra - Haukeli - Jæren - Stavanger - Underdal - Vik i Sogn. Med dette skulle mykje av mangfaldet i norsk osteproduksjon i dag vera representert - alt frå Tine-produkt til ost frå nyare



gardsysteri og tradisjonell seterost. Hjeltnes fortel også at dette skal bli ei vakker bok. Morten Krogvold, ein av Noregs mest kjente fotografar, følgde med på reisa. Boka kjem ut på Kagge Forlag til hausten.

*I Sunndal fekk Arne Hjeltnes møte setertausar i alle aldrar, den eldste 83 år den yngste 11. Ein samla seg i eldhuset i Sagrøa der det vart koka gubbost. Gubb skulle kokast av siste måltidet på setra.*

*Foto: Kjell Ove Holsbøvåg, Aura Avis.*

## Rachel Carson-prisen 2003



*Statsråd Hilde Frøffjord Johnson overrekte Rachel Carson-prisen til Åshild Dale i Atlantic Hall i Stavanger i forbindelse med seminaret "Vann viktigere enn olje", og statsråden talte engasjert om seterkulturen!*  
*Foto: Gabriele Brennhaugen, Ung Agenda 21, Stavanger.*

er tildelt Åshild Dale. Det er en stiftelse som deler ut prisen til minne om "det moderne miljøvernets mor", den amerikanske forskeren Rachel Carson - særlig kjent for boken "Den tause våren" (på norsk i 1963). Åshild Dale får prisen for langvarig og mangfoldig innsats innen miljøvern og formidling av natur- og kulturverdier, også for engasjementet for seterdrifta og seterkulturen. Prisen ble delt ut i Stavanger 4. juni i forbindelse med Internasjonal Uke. Statsråd Hilde Frøffjord Johnson foretok utdelingen, og det var styret for Rachel Carson-prisen som sto for dette arrangementet. Tidligere prisvinnere er forfatteren Sidsel Mørck (1991), dr. med. vet Bergljot Børresen (1993), psykiateren Anne Grieg (1995), professor Berit Ås (1997), dr. Theo Colburn (USA) (1999) og den tyske landbruksministeren Renate Kunast (2001). Med i priskomiteen ved denne utdelingen er dr.scient Ragnhild Wiik, direktør Siri Bjerke i NHO og Hanne Thomsen, styreleder i Stavanger Turistforening. - Sluttdokumentet fra FN's miljøtoppmøte i Rio i 1992, Agenda 21, legger vekt på betydningen av kvinners innsats for en bærekraftig utvikling i verden. Dette er grunnlaget for denne miljøprisen, som tildeles kvinner som har gjort en betydelig innsats for vårt fysiske livsmiljø, nasjonalt og/eller internasjonalt. For mer informasjon [www.rachelcarsonprisen.no](http://www.rachelcarsonprisen.no)

### Minner om

heimesida - [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) som er open for marknadsføring av stølar og seterprodukt av alle slag. For brukarkontingenten på kr. 250,- når ein mange tusen interesserte via internett! Send enkel tekst og 2-4 foto, og vi utformar presentasjonen.

# Brunosten mellom permar

FOR EIT PAR ÅR SIDAN kom ei lita bok kalla Brunosten frå Arne Espelund si hand. Ein kan trygt seia at ho inneheld mykje stoff som knapt er kjent. Samstundes fell det på plass i den kulturhistoria eldre folk har kontakt med, der gardsdrift og seterbruk høyrer med.

**Korleis kan det ha seg at du som vaks opp på Uranienborg i Oslo fekk interesse for brunosten?**

Far min stelte med noko så tørt som forsikring, og vi budde i eit område med advokatar, lækjarar, nokre einslege og pensjonistar. Men han vart seg sjølv kvar sommar når han fekk dra frå byen og bruka fiskestonga i fjellvatn. Det var før "Hytte-Noreg" var utvikla. Vi leigde vinterstova på fjellgardar der det var godt aurefiske i nærleiken. Eg minnest Hovet i Hol, Hallingdal, men etter kvart sette Oslo Lysverker i gang utbygging av vassdraget, noko korkje fisken eller far min sette pris på. Så fylgde Øvre Birtedalen i Fyresdal, Telemark, ein kommune med fleire vatn enn innbyggjarar. Mor mi var ikkje trygg på hoggormen, og med det fann far fram til ein tredje stad: Øversjødalen i Tolga. På denne tida hadde eg vorte tenåring, og det var krigsår i Noreg. Folk flest har ikkje no aning om korleis vi var "sugne" på søtsaker i dei åra. På Øversjøen vart det koka "gjetmus-smør" helst kvar veke, og eg fekk lov til å skrapa den store koparkjelen etter endt bruk. Det sit godt att i minnet!

På garden Øversjøen var eg "halv turist og halv dreng", noko eg har skrive om i Årbok for Nord-Østerdalen. Betre kunne ein bygut ikkje ha det. All hjelp vart teken i mot med eit smil og ein takk, og eg gjekk på eit vis i lære mykje av tida. Bruk og stell av hest høyrer med til dei beste minna. Det var stolte og trygge folk på garden, men no ligg han øyde mesteparten av året.

**Men det er langt frå ein brunostkjel på 40-talet til ei bok i 1998?**

Ja, og vegen har vore krokut. Eg har fatta interesse for "Bonde og Lensmand" Ole

Evenstad frå Storelvdal. Han var på eit vis ein bygdehovding, samstundes med i eit miljø av sers opplyste folk. I 1782 skreiv han eit manuskript om korleis bøndene på hans tid (helst oppe i Sollia) laga jern av myrmalm. For dette fekk han gullmedalje hos Landhusholdnings-selskapet i Kjøbenhavn, og det kom på trykk i 1790. For ein metallurg eller materialteknolog som meg er Evenstadboka som ein bibel. Ho er den einaste i Nord-Europa som gir oss ei full oppskrift på "jarnvinna" i tida ca 1400 1800 i Aust-Noreg. Mange har sett smeltinga kvar haust ved Skogbruksmuseet på Elverum. Dei kan berre takka Evenstad for at smeltinga gir resultat! Evenstad levde i Opplysningstida, og i samsvar med "ånden" skreiv han like godt eit manuskript om myse og mysost i 1805. Eit år før han døydde fekk han sølvmedalje for det. Det er så mykje omtale av Gudbrandsdals-osten som ei oppfinning av Anne Hov i Nord-Fron i 1863. Eg har lenge kjend til ei mykje eldre brunosthistorie!

**Men Anne Hov har vel og spela ei rolle?**

Ja, og den heng saman med hamskiftet i norsk jordbruk. Jarnbanen til Eidsvoll og Skibladner på Mjøsa skapte ein ny situasjon for samferdsla i Hedmarksbygdene og i Gudbrandsdalen. Med kvalfangsten kom spekket og margarinen. Smørprisen fall, og det vart ei krise for seterbruket. Den nye osten var ikkje berre laga av myse frå både ku og geitmjølk, den var også ein feitost laga av søt myse og mjølk med noko fløyte. Med god transport til Christiania vart det også etterspurnad, - og seterbruket kunne halda fram.

**Har du andre kjelder?**

Ja, det er forvitneleg at biskop Gunnerus i Trondheim skreiv om mjølkestell i 1774 og presten Jonas Ramus på Norderhov ca. 1715. Johann Christian Fabricius frå Kiel i Tyskland vitja Trondheim og skreiv i 1779 om dette underlege osteslaget som ein med høvel handterar mest som eit trestykkje. Tenestefolket fekk surost medan husbondsfolket hadde søtost! Men den største overraskinga var "Møsse-Brømme" hos Petter Dass i "Den Nordske Dale-Viise" frå 1674. I den siste utgåva av boka mi fekk eg også med eit brunostdikt av Hans Kristiansen. Er brunosten særnorsk? Ja, det er mest så, men noko blir nok laga i



Karikatur av Arne Espelund. Pensjonert kjemiprofessor med stor interesse for brunost og seterdrift.

Midt- og Nord-Sverige. At han er så vanleg hos oss heng saman med at vinteren var lang, og ein laut utnyttja alt, særleg mat som heldt seg over vinteren. Alt det særnorske er prega av at maten skal halda seg: flatbrød, saltsild, turrisk og brunost. Dinest vart osten serleg laga sumars dag på setra, og lett å ta med til bygds. - Eg trur elles at han har påverka smaken: det er berre i Noreg og Sverige at vi set sukker til sylteagurkar og surkål.

**Korleis har kontakten vore med TINE?**

Eg har samla mykje stoff, som andre får tilgang til. Skulle forresten ynskje at TINE la større vekt på kulturstoff i marknadsføringa. Nokre av meieria har forresten kjøpt inn Brunostboka. Elles sel eg mykje i pensjonistlag o.s.b. når eg held kåseri. Då høyrer og Dalevisa med -, eg likar å syngje, og folk finn Petter Dass som eit oppkomme av humor og med stor sans for menneskje og levekår. Eg tek gjerne imot ei innbyding til eit stemne eller ei anna samling på Austlandet ....

**Du har eige forlag, og kanskje fleire bøker "på gang"?**

Ja, og så lenge skriving er hobby trur eg det er best med eige forlag. Brunostboka har gitt meg grunnlag for å gi ut nye bøker. Neste bok blir om "Jernet i Vest-Telemark" og så fylgjer "Ljåsmiing og ljåslått" om alt går bra. Den siste har og samanheng med seterdrift! - Det er ikkje tvil om at Brunostboka har skapa kontakt med mange. Du veit, som professor er eg er ikkje så farleg når eg skriv om eit slikt emne. Smilet kjem alltid fram når eg fortel om dette "sidespranget".

## LEVENDE VERN – LEVENDE BYGDER

Naturforvaltning, kulturarv og friluftsliv i fjellet

**Seminar på Herdalssetra, Norddal kommune på Sunnmøre 15. – 17. august.**

**Tema:** Å ta vare på og videreføre tradisjonell bruk i fjellet, og bruk og vern i forhold til natur, kultur og miljø.

**Arrangører er:** Den Norske Turistforening, Friluftslivets fellesorganisasjon, Norges Høgfjellscole, Norsk Seterkultur, Riksantikvaren, Direktoratet for naturforvaltning.

Seminaret er en oppfølging av avslutningskonferansen i Fjellenes År på Røros om "Fjellenes kvinner", hvor det var fokus på forvaltning, kulturarv og friluftsliv.

Arrangørene av konferansen ønsker å videreføre det store engasjementet på Røros og inviterer til et arbeidsseminar på Herdalssetra med tittel "Levende vern – levende bygder".

### **Dette vil bli belyst gjennom to hovedtema**

- hvordan ivareta og videreføre tradisjonell bruk i fjellet
- bruk og vern i forhold til natur, kultur og miljø

Seminaret finner henvender seg til alle som er interessert i naturforvaltning, kulturarv og friluftsliv i fjellet.

Seminaret starter fredag 15. med kveldsmat kl. 19.00 og offisiell velkomst, presentasjon og åpning kl. 20.30. Åshild Dale ønsker velkommen til seters og Arne Sandnes, ordfører i Norddal, står for den offisielle åpningen av seminaret.

Lørdagens program tar til kl. 09.00 og de to tema blir belyst av Åse Marie Rusaanes, Landbruksdepartementet, Jostein Sande, Norsk seterkultur, Gjermund Dvergsdal, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (Naturbruksprosjektet) og Rigmor Solem, Statens Naturoppsyn. Møteleder er Anne Marie Aamelfot Hjelle, DNT. Det er lagt opp til lunsj kombinert med vandring i stølslandskapet, før arbeidsseminaret med gruppearbeid fyller ettermiddagen.

Arrangørene regner med fint vær (!), så kveldens middag foregår utendørs ...

Søndag morgen leder Harald Tronvik, FRIFO, møtet og presentasjonen av gruppearbeidene. Han innleder også til diskusjon om "veien videre", før det hele blir avsluttet ved lunsj kl. 13.00.

### **PÅMELDING**

sendes Den Norske Turistforening, på e-mail amh@turistforeningen, snarast.

Konferanseavgift: kr.800 betales til konto 78740622667 merket 3810/2/41500.

Overnatting og kost 15. – 17. august: overnatting i sel: Kr 1.300, overnatting i enkeltrom kr. 1.800, overnatting i telt kr. 900

Prisen inkluderer to overnattinger og alle måltidene. Oppgjør for overnatting gjøres på stedet.

NB! Det må tas med lakenpose, eventuelt sovepose. Husk liggeunderlag for de som vil bo i telt.- Vi gjør oppmerksom på at det er begrenset plass på seminaret, så vær raskt ute!

### **Vel møtt!**

Nærmere opplysninger ved:

Anne Mari Aamelfot Hjelle, tlf. 22 82 28 82 / Harald Tronvik, tlf. 23 31 09 80

## Seterprosjekt i Sør-Trøndelag

Det er teke initiativ til eit seterprosjekt i Sør-Trøndelag. På årsmøtet i Norsk seterkultur i fjor uttrykte landbruksdirektør Tore Bjørkli at "seterdrifta er den best bevarte hemmeligheten nord for Dovre" - og kanskje er det den oppdaginga som gjer at det no er aktuelt å gjera meir ut av seterdrifta i innlandskommunane i fylket? Prosjekt kan sikkert knytast til allereie igansette prosjekt - Innlandsprosjektet og "Knoppskyting fra fjord til fjell, og eit samarbeid over til seterprosjektet i Nord-Østerdalen er aktuelt.

## Budeie søkes

til tradisjonsdrevet støl med mjølkekyr i Hallingdal. Stølen ligger i 1000 m.o.h, med bilveg fram og enkelt opplegg med mjølkestall. Budeie søkes for heile eller delar av sommaren.

Helge Hermann Gåsterud  
3579 Torpo Tlf.91331500/32083114

## Boka Brunosten

kan ein kjøpe hjå  
arne.espelund@material.ntnu.no  
Arketype forlag, Sunnlandsskr. 50,  
7032 Trondheim

Boka går i bokhandel for kr. 80,  
eg sel for kr. 60 + porto.

## Bli med i



### **Da er du med på å:**

- fremme seterdrifta og seterkulturen
- legge grunnlaget for eit informasjons- og kompetansesenter for seterkulturen
- skape eit nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

### **Du får Seterbrukaren 4 gonger i året.**

### **Medlemskontingent 2003**

Aktiv seterbrukar	kr. 250,-
Støttemedlem/abonnement på Seterbrukaren	kr. 150,-
Organisasjonar/institusjonar	kr. 400,-

### **Ja, eg vil bli medlem**

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjonar/institusjon
- Støttemedlem/tinging av Seterbrukaren

Navn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Du kan også registrere deg seg medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

### **NORSK SETERKULTUR** 6214 NORDDAL

Tlf.: 70 25 91 77

Fax: 70 25 91 57

E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)

Bankgiro: 2367 20 51 169



NORSK SETERKULTUR  
6214 NORDDAL

## Norsk Kulturarv

Norsk Kulturarv er en stiftelse som arbeider for å bevare den rike norske kulturarven for fremtiden. I kulturarven ligger det inspirasjon, opplevelser, kunnskap og identitet. Vi tror at det å kunne bringe disse verdier videre til kulturens brukere, beretter og videreutvikler.

Norsk Kulturarv tror på det lokale engasjement og arbeider for å sette fokus på lokale kulturprosjekter. Dette gjør vi gjennom regionale skoler, lag og stier, synliggjøring av lokale arbeidslag som tidlige og pensjonsprosjekter for utvalgte arbeidere for å skape en bedre kulturarvsmiljø.

Vi setter særlig på kulturminner som er på vei til å forsvinne. Vi har derfor utviklet et system for å registrere og dokumentere disse minnene. Dette systemet er kalt "Norsk Kulturarv".

Et godt kulturarvsmiljø er grunnlaget for å utvikle nye produkter og tjenester. Dette gjør vi gjennom regionale skoler, lag og stier, synliggjøring av lokale arbeidslag som tidlige og pensjonsprosjekter for utvalgte arbeidere for å skape en bedre kulturarvsmiljø.

Et godt kulturarvsmiljø er grunnlaget for å utvikle nye produkter og tjenester. Dette gjør vi gjennom regionale skoler, lag og stier, synliggjøring av lokale arbeidslag som tidlige og pensjonsprosjekter for utvalgte arbeidere for å skape en bedre kulturarvsmiljø.

Et godt kulturarvsmiljø er grunnlaget for å utvikle nye produkter og tjenester. Dette gjør vi gjennom regionale skoler, lag og stier, synliggjøring av lokale arbeidslag som tidlige og pensjonsprosjekter for utvalgte arbeidere for å skape en bedre kulturarvsmiljø.



Kunnskap



Opplevelse



Identitet



Inspirasjon

## Kraftfôrvalg til beite er enkelt!

Kvaliteten og tilgangen på beitegraset er som regel best om våren og på høstsesongen. Utover sesongen er det vanskeligere å holde stabil kvalitet. Føtter som beitetryk og værforhold er de største utfordringene.

FORMEL BEITENØKKE				
Ytelse	Svært godt beite	Middels godt beite	Ugjerne beite/utmark	Lite beite
10 kg			1 kg FORMEL Faver 20	2 kg FORMEL Fiber
15 kg		1 kg FORMEL Faver 20	3 kg FORMEL Faver 20	4 kg FORMEL Fiber
20 kg	1 kg FORMEL Faver 10	3 kg FORMEL Faver 20	5 kg FORMEL Faver 20	6 kg FORMEL Fiber
25 kg	3 kg FORMEL Faver 10	5 kg FORMEL Elite	7 kg FORMEL Faver 20	8 kg FORMEL Fiber
30 kg	5 kg FORMEL Fiber	7 kg FORMEL Elite	9 kg FORMEL Faver 20	10 kg FORMEL Fiber
35 kg	7 kg FORMEL Fiber	9 kg FORMEL Elite		

Denne mjølkemengden går ned, sett du at det er på tide å vurdere mengde og type kraftfôr.

FORMEL

Økt lønnsomhet for bonden

Fellekjøpet

www.f.no



Den Norske Turistforening formidler naturopplevelser for livet. Derfor samarbeider vi med Norsk Seterkultur for aktiv stølsdrift i et levende kulturlandskap.



Mange av våre produkt har rot i stølskulturen og vi støtter Norsk seterkultur i arbeidet for denne driftsforma